

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Dato	20.10.2023
Vår referanse	2023/70336-3
Dykkar referanse	23/6343 - 23/69129
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

## Uttale - dispensasjon - veg og parkeringsplass - gnr. 343 bnr. 52 - Rossland - Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune med oversending av dispensasjonssøknad til uttale, datert 25.09.2023. Søknaden gjeld etablering av veg og parkeringsplass.

Eigedomen er definert med LNF-føremål i områdereguleringsplanen for Rylandshøgda med planID 1256-20160004. Tilkomsten til eigedomen er regulert i Fløksand – Vikebø med planID 4331\_125620160010.

### Uttale

Det kjem fram av referatet for førehandskonferanse at det må avklarast med Vestland fylkeskommune om tiltaket krev utvida bruk av avkøyrslø og dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg.



Utsnitt frå fylkesatlas: Eigedom markert med blå er den som søker om tiltaket. Og utsnitt frå situasjonsplan frå søknaden.

Fordi eigedom og tiltaket ligg i reguleringsplan skal kommunen behandle søknad om avkøyrslø og vegen etter plan- og bygningslova. Vi ser tilkomst/avkøyrsla mot eigedomen er regulert i Fløksand-Vikebø planen og kommunen må vurdere dispensasjon frå denne planen også.

Reguleringsplanen for Fløksand-Vikebø legg opp til ei forskyving av fylkesvegen, og det er ikkje stadfesta når Vestland fylkeskommune går i gang med bygging etter reguleringsplanen.

Vi meiner at dersom kommunen gjev dispensasjon frå reguleringsplan må kommunen likevel må stille krav til utforming og utbetring av eksisterande avkøyrsla til fylkesvegen som eit tiltak fram til løysing i reguleringsplan vert bygd. Situasjonsplanen som ligg ved søknaden viser ikkje mål for svingradius eller siktssone for avkøyrsla.

Krava som må med for avkøyrsla er: svingradius skal vera  $R = 4$  i begge retningar og siktsona skal vera 4 x 65 meter. Det skal også vera fall frå fylkesvegen.

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*